



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 13. september 2015

Surnadal kommune

OPPHOGGINGSPLASS PÅ GNR 68 BNR 54 – FLEIRE SPØRSMÅL?

Dykkar ref. 2013/2752-5

Vi viser til vårt brev av 31.3.2015 og dykkar svar av 17.4.2015.

Når ein ser på det aktuelle området no, vil vi spørje om kommunen reknar seg ferdig med opprydding av arealet, og av det som har hamna i grunnen.

Vidare ber vi om å få kopi av kvitteringar for innlevering av avfall til godkjent mottak frå ryddesjauen på denne staden.

Vidare vil vi spørje om kva rutinar kommunen har for å etterleve naturmangfaldloven § 7 «Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, *og ved forvaltning av fast eiendom.* Vurderingene etter første punktum skal framgå av beslutningen.»

Det er særleg den delen av paragrafen som vi har kursivert som er aktuell og som vi spør etter i samband med denne saka.

Det følgjer av miljøinformasjonslova kva fristar som gjeld ved førespurnader som denne. Om ei sak er avslutta eller ikkje, kvitteringar for innlevering av avfall og rutinar knytt til forvaltning går vi ut

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

frå er av ein slik type at dokumentasjonen skal vere mogleg å utlevere innan fristen på 15 dagar.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal